



Nynorsk kultursentrum

Styremøte nr. 1, 2019

Referat frå møte onsdag 27. februar 2019 kl. 9.30 –14.45

Til stades

Lodve Solholm (styreleiar), Hilde Barstad, Hilde L. Bjørnsvik, Sæbjørn Forberg, Jon Østbø, Siri Beate Gjerde og Per Magnus F. Sandsmark (sekretær).

Forfall

Janne Nygård, Ellen C. Kvalsund (vara) og Per Halse (observatør).

1/2019 Innkalling og sakliste

Vedtak

Innkalling og sakliste er godkjende.

2/2019 Godkjenning av protokoll

Vedtak

Protokollen frå styremøtet 7.12.2018 er godkjend.

3/2019 Referatsaker

Vedtak

Styret tek referatsakene til orientering.

4/2019 Aktuelle saker

Vedtak

Styret tek informasjonen til vitende.

5/2019 Personalsaker

Vedtak

Styret tek informasjonen til orientering

6/2019 Rekneskap 2018

Vedtak

1. Styret godkjenner rekneskapen for 2018.
2. Årsoverskotet på 174 508 kroner blir lagt til eigenkapitalen. Etter dette hadde stiftinga ein eigenkapital på 4 600 929 kroner.
3. Styret bed direktøren leggje fram ein makroøkonomisk risikoanalyse for verksemda, som også vurderer oppbygging av eigenkapital, til møtet i oktober.

7/2019 Årsmelding 2018

Vedtak

Styret godkjenner framlegget til Årsmelding 2018 og tek Administrasjonens årsrapport til vitende.

8/2019 Søknader om offentleg tilskot 2020

Vedtak

1. Styret sluttar seg til framlegget til søknader om auka driftstilskot frå 2020.
2. Nynorsk kultursentrum søker Telemark fylkeskommune og Vinje kommune om tilskot til basisutstilling i tråd med prosjektplanen.
3. Administrasjonen tek med seg drøftingane i møtet i det vidare arbeidet med søknadene om offentlege tilskot. For dei ordningane det ikkje er fristar til søker Nynorsk kultursentrum 1.4.2019.

9/2019 Omorganisering

Vedtak

1. Styret sluttar seg til endringane av omorganiseringa av Nynorsk kultursentrum.
2. Styret bed administrasjonen greie ut kva oppgåver Nynorsk kultursentrum skal prioritere høgare, og kva ein skal slutte å gjere, i samband med Visjon og strategi.

10/2019 Ny nettstadstruktur og nettbutikken handlenett.no

Vedtak

1. Styret bed administrasjonen velje standardløyisingar for dei nye nettstadene, og tilpasse innhald, funksjon og form til desse.
2. Styret bed om ei ny sak om eventuell vidare drift av nettbutikk og vareutvalet i butikktilbodet i musea til oktober-møtet.

11/2019 Program Perspektivdagen 2019

Vedtak

1. Styret inviterer dei tilsette og rådet i Nynorsk kultursentrum, styra og leiingane i Nynorsk forum og forskargruppa for skriftkultur ved Høgskulen i Volda til Perspektivdagen 2019. Endeleg program og tema blir fastsett av direktøren etter samråd med styreleiar.
2. Administrasjonen tek med seg innspela frå styret i det vidare arbeidet med saka.

12/2019 Minneinnsamling

Vedtak

1. Styret omdisponerer 50 000 kr frå prosjekt «nytt digitalt saksarkiv» til minneinnsamlingsprosjektet. Det gir rom til ekstern rettleiar i byrjinga av prosjektet, og bidreg til innkjøp av video- og opptakarutstyr. Det står att 150 000 kr til nytt digitalt saksarkiv.
2. I framlegget til budsjett 2020 set avdelingane av økonomiske og personalmessige ressursar til å auke minneinnsamlinga.
3. Administrasjonen tek med seg innspela frå styret i vidare arbeid med minneinnsamlinga.

13/2019 Årets nynorskbrukar 2019

Vedtak

1. Prisen *Årets nynorskbrukar 2019* blir delt mellom frisørkjedene Balanzera og Floke for å nytte nynorsk i marknadsføring av frisørtenester i by og bygd på aust- og vestlandet.

2. Prisen er på 50 000 kr til kvar av vinnarane, eit grafisk trykk av Arne Nøst og eit diplom. Prisen blir delt ut under opninga av Dei nynorske festspela.

14/2019 Bokåret 2019: Prosjektbudsjett

Vedtak

Styret vedtek framlegget til budsjett for Bokåret 2019, og bed om å få ei midtvegsevaluering med prognose til møtet i oktober og ei resultatvurdering i februar 2020.

15/2019 Nybygg Aasen-tunet

Vedtak

Styret omdisponerer dei 200 000 kronene som var sette av til å greie ut nytt reiskapsskjul til utgreiinga av nybygg i Aasen-tunet. Byggenemnda blir administrasjonssjef (leiar), dagleg leiar Aasen-tunet og driftsansvarleg Aasen-tunet.

16/2019 Langtidsplanar

Vedtak

1. Direktøren tek med innspel frå drøftingane i det vidare arbeidet med langtidsplanar.
2. Langtidsplanane som ikkje handlar om kommersiell verksemd eller sikkerheit, frå og med vedtak 7.12.2018, blir tilgjengelege på nettstaden.


17/2019 Status og strategi

Vedtak

1. Administrasjonen tek med seg drøftingane i vidare behandling av Visjon og strategi 2020–2023.
2. Møtet i juni byrjar 11. juni på ettermiddagen.
3. Møtet i Ulvik byrjar 10. oktober på ettermiddagen.
4. I første omgang er målet å vedta Visjon og strategi i desember 2019.

Godkjend protokoll

Protokollen er godkjend elektronisk av alle faste medlemmer styret 1.3.2019.


Lodve Solholm


Hilde Barstad


Hilde L. Bjørnsvik


Sæbjørn Forberg


Siri Beate Gjerde


Janne Nygård


Jon Østbø


Per Magnus F. Sandmark

